

PROTOKOLL

MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 25.8.2021 kl.19.30-21.30 – TORPO MISJONSHEIM

Tilstades: Einar Brattegard, Arild Øystese Hansen, Torfinn Slåtto, Wenche Smestad, Liv Margit Sørboen, Else Karin Veslegard, Sveinung Hansen (sak 50-55), Birger Bolstad, Wenche Skår Ekse

Forfall: Anne Kjersti Frøyen, Vigdis Moen Storhaug

Saksnr.	Ansvar
50/21 Godkjenning av innkalling og protokoll	
Ingen merknadar til innkalling, saksliste eller protokoll.	
51/21 Utlysing av stilling som sokneprest i Leveld, Torpo og Ål sokn	Prost
Planen er at tilsetjing blir i bispedømmerådsmøtet 25.oktober. Soknerådet er utfordra på å si noko om kva me ynskjer vedrørande eigenskapar og prioriteringar for ein ny sokneprest. Er det spesielle ynskjer som bør kome fram i ei utlysing og som kan antyde ein retning for kyrkjapå Ål?	
Eitt framlegg er at arbeidet med born og unge blir prioritert framover. Kanskje ungdom er viktigare enn born i denne samanheng fordi me har ein kyrkjelydspedagog. Fellesskapsbygging og undervisning blir trekt fram som viktig. Eigarskap til gudstenestene – utfordre og inspirere til frivillig arbeid. Kunne bygge opp samtalegrupper, bibelgrupper og liknande.	
AU får fullmakt til å samarbeide med prosten om utlysingstekst.	
52/21 Bruk av Ål kyrkje til konsert 9.okt	
Celebration gospelkor ynskjer å nytte Ål kyrkje til konsert. Soknerådet er positive til dette.	
53/21 Strøyming av konfirmasjonsgudstenestene	Staben
Soknerådet ynskjer at gudstenestene i Leveld, Torpo og Ål blir strøyma.	
54/21 Orientering om kyrkjekaffi 29.aug	
Normisjon tek på seg ein del praktisk arbeid i samband med kyrkjekaffien på Evjens Minne. Marsipankake er bestilt og det er tre som har tilbydd seg å bake.	
Samlinga startar ca kl 13. Velkommen, bordvers og kaffi/kaker. Servering ved bord. To salmar med tekst av Arne Jensen + bordvers blir vist på storskjerm. Audun spelar piano. Taler v/Einar, Kjellfred og evt Sveinung. Deretter opne for andre talar. Arne får ordet til slutt m/velsigning. Birger leier arrangementet.	
Kyrkjevert prøver å få ei oversikt over kor mange som skal møte opp på Evjens Minne.	
Det må informerast om smittevern ved inngang til Evjens. Handsprit + info om minst 1 m til andre personar/grupper.	
55/21 Meldingar	
Det er ein interessant og spennande søkar til prostipreststillinga, og tilsetjingsprosessen er i gang.	
56/21 Eventuelt	Torfinn Wenche SE Arild
Leiar for ungdomsklubben har slutta. HÅP arbeider med eit ungdomsarbeid for dei som ynskjer ein meir kristen profil og undervisning på samlingane. Stiftinga Tid Miljø har hatt ein undersøking som tydar på at ungdom berre ynskjer ein stad å «henge». Dei vurderer å opne for å nytte lokala deira for ungdom utanfor vanleg opningstid. Torfinn, Wenche og Arild får mandat til å halde kontakten med Tid Miljø, Normisjon og HÅP for å få meir oversikt over situasjonen og vurdere korleis soknerådet bør engasjere seg.	
Neste møte: 21.september kl 1700	
Referat: Torfinn Slåtto	